



Fagleg nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna føretaksområde


Årsrapport 2023

Målsetting med nettverk av ressurspersonar i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna er kompetanseheving, samhandling og samarbeid slik at kreftpasientar og andre pasientar med behov for lindrande behandling, samt deira pårørande, opplever god kvalitet og tryggleik i alle nivå i helsetenesta.

Nettverksarbeidet var frå 2005 forankra i ein felles avtale mellom Helse Fonna, kommunane i Helse Fonna-området, Kreftforeningen Distrikt Vestlandet og Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest (KLB). Etter ny samhandlingsstruktur mellom Helse Fonna og kommunane er nettverket etablert som eit fagnettverk under FOUSAM med eit mandat frå Samhandlingsutvalget. Samhandlingsutvalget vedtok 12. desember 2014 eit mandat for nettverket i tråd med tidlegare avtale.

Frå 2014 er Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Kreftomsorg Rogaland (KOR) innlemma som partar i nettverket. Fysioterapeutar og ergoterapeutar er og inkluderte i arbeidet. Revidert mandat vart godkjent i styringsgruppa hausten 2023.

Organiseringa av nettverket:



Nettverket har styringsgruppe med ein representant frå kvar av partane Helse Fonna, kommunane, HVL, KLB og Kreftforeningen, samt ein brukarrepresentant. Driftsgruppa har ansvar for den daglege drifta av nettverket, og leiarane er representert i styringsgruppa.

I Helse Fonna-nettverket er det per november 2023 til saman 142 ressurspersonar, fordelt på 116 sjukepleiarar og 26 ergo- og fysioterapeutar. Dei representerer alle kommunane og tre sjukehus i Fonna-området.

Sjukepleiarnettverket

Klinisk arbeid for ressursjukepleiarane

Årleg rapportering

Per 9. februar 2024 viser rapporteringa at 75% (82 av 120) av ressursjukepleiarane og 65% (59 av 116) av leiarane har svart på årleg rapportering for 2023. 60% av ressursjukepleiarane som har svart, har vore ressursperson i nettverket i 3 år eller meir.

26% har avsett tid til funksjonen, og ca 33% rapporterer at dei har hatt planmøte med sin leiar.

45% av ressursjukepleiarar i kommunen har hatt samarbeidsmøte med fastlegen om aktuelle pasientar. 69% brukar ESAS-r på sin arbeidsplass og 26% har medverka til utarbeiding av Individuell Plan.

Retningslinjer for symptomlindrande behandling vert brukt av 84% av dei som har svart.

78% har deltatt på kurs/konferansar innan kreftomsorg eller palliasjon det siste året.

82% har vidareformidla innhald frå nettverksmøte på sin arbeidsplass, og 57% har hatt internundervisning innan tema kreftomsorg og lindrande behandling på sin arbeidsplass.

På spørsmål om kva som har fungert godt i funksjonen som ressursperson, vert m.a. nemnt å bli brukt som ressursperson på arbeidsplassen og vera ein ressurs for kollegaer. Fleire nemner at dei gjennom nettverket får auka kunnskap og har hatt undervisning på sin arbeidsplass.

På spørsmål om kva som har vore det mest utfordrande i rolla som ressursperson, svarar ca 80% at tidspress og mangel på avsett tid har vore mest utfordrande.

På spørsmål kva informasjon er viktigast å få frå sjukehuset ved utskriving, vert behandlingsplan (kva avklaringar er gjort, Individuell plan, palliativ plan) og informasjon gitt til pasient og pårørande (kva er informert om og er det forstått) nemnt hos over 80% av dei som har svart.

På spørsmål kva informasjon er viktigast å få frå kommunen ved innlegging på sjukehus, vert behandlingsintensitet og fungering i heimen nemnt som viktige punkt.

Over 80% av leiarane som har svara på rapporteringa, seier dei er kjende med nettverksavtalen.

82% av leiarane seier nettverket bidrar til å betra kvaliteten på kreftomsorg og lindrande behandling i stor eller svært stor grad.

Resultatet av årleg rapportering for 2023 vart presentert på årleg fagdag.

Arbeid i nettverksgruppene

Det har vore arrangert i alt 12 nettverksmøte i 2023, eit vårmøte og eit haustmøte i kvar nettverksgruppe. Nettverksmøta er på 6 timar og tema har vore «Akutte tilstander hos kreftpasienten» og «Palliasjon ved demens – med fokus på livskvalitet».

Driftsgruppemedlemmer sørga for undervisning av «Akutte tilstander hos kreftpasienten». Jenny Ann Lid Toft hadde ideen og Berit Røksund og Kristin Valen utarbeida undervisninga og hadde undervisning i nettverka saman med Charlotte Ramsøy. «Palliasjon ved demens – med fokus på livskvalitet» var undervisning ved overlege Aart Huurnink via video. Alle ressurspersonar vart oppmoda om å visa videoen til sine kollegaer på arbeidsstaden og link til filmen vart sendt med referatet.

Ressurspersonar i fysioterapi- og ergoterapinettverket får invitasjon til dei lokale nettverksmøta, men har ikkje obligatorisk oppmøte. På nettverksmøta har tverrfagleg samarbeid og det å få innarbeidd møte mellom ressursperson og leiar fortsatt vore vektlagd. Nettverksmøta har «runden rundt bordet» som ein fast del av programmet, der ressurspersonane deler utfordringar og positive ting frå funksjonen som ressursperson. Ein lokal ressursperson presenterer case som utgangspunkt for felles refleksjon.

Oppmøte 2023

Nettverk Indre Haugalandet: vår: 19 av 22 ressurssjukepleiarar
haust: 15 av 20 ressurssjukepleiarar

Nettverk Hardanger: vår: 10 av 13 ressurssjukepleiarar
haust: 6 av 11 ressurssjukepleiarar

Nettverk Sunnhordland: vår: 20 av 28 ressurssjukepleiarar
haust: 26 av 31 ressurssjukepleiarar

Nettverk Ytre Haugaland Nord: vår: 10 av 16 ressurssjukepleiarar
haust: 11 av 17 ressurssjukepleiarar

Nettverk Ytre Haugaland Midt: vår: 10 av 18 ressurssjukepleiarar
haust: 13 av 21 ressurssjukepleiarar

Nettverk Ytre Haugaland Sør: vår: 10 av 26 ressurssjukepleiarar
haust: 17 av 28 ressurssjukepleiarar

Driftsgruppa

Driftsgruppa har hatt 4 møte i 2023: 14. februar på Haugesund sjukehus; 18. april på Odda sjukehus; 5. september på Stord sjukehus og 31. oktober hos KOR, Haugesund.

Det har vore engasjerte medlemmer i driftsgruppa og mange saker har vore diskuterte. Representantar i driftsgruppa hausten 2023:

- Grete Skeie Sørhus, leiar, Vindafjord kommune og KLB
- Jenny Ann Lid Toft, Haugesund sjukehus og KLB
- Therese Aga, Tysnes kommune

- Berit Røksund, Stord sjukehus
- Eva B. Johansen, Haugesund kommune
- May Kristin Valen, HVL
- Målfrid Eide, KOR
- Aase Haktorson, FOUSAM
- Anne Kristine Ådland, Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetjenester i Helse Fonna-kommunane
- Charlotte Ramsøy, Odda sjukehus
- Hege Lyssand, Ullensvang kommune
- Kristin Eikill, Kreftforeningen

Styringsgruppa

Styringsgruppa for nettverket har i 2023 bestått av Sølvi Eide Lunde, HVL (leiar), Dagny Faksvåg Haugen, KLB, Kjersti Tollaksen, Helse Fonna, Camilla Gram, Kreftforeningen, Tore Haaland, PKO-representant, Ida Elisabeth Gaard, USHT, Bjørn Harald Johansen, brukarrepresentant, Grete Skeie Sørhus, leiar av driftsgruppa for sjukepleienettverket, og Karoline Berge, leiar av driftsgruppa for fysioterapi- og ergoterapinettverket.

Styringsgruppa har hatt to møte i 2023:

7. februar på Haugesund sjukehus og 17. oktober på Haugesund sjukehus

Introduksjonskurs

Introduksjonskurs vart arrangert 31. januar 2023.

29 ressurspersonar og leiarar deltok. Målsetting for introduksjonskurset er å gi kunnskap om organiseringa av nettverket og palliativ verksemd i regionen, samt å drøfta forventningar til og bevisstheit rundt rolla som ressursperson.

Årleg fagdag

Årleg fagdag 2023 vart arrangert 14. mars med 114 deltakarar. Tema for dagen var «Mot til å møte – fokus på pårørande og kommunikasjon».

Sølvi Eide Lunde, leiar av styringsgruppa for nettverket, hadde innleiing til tema for dagen og helsing til nettverket i starten av dagen. Hovudforedraget var ved spesialrådgivar/kreftsjukepleiar/rettleiar ved Akershus universitetssykehus Heidi Skutlaberg Wiig om temaet «Mot til å møte – empatisk kommunikasjon». Ein pårørande fortalte sin historie, og dagleg leiar ved Pårørendesenteret i Stavanger, Unn Birkeland, snakka rundt temaet: «Kven er dei pårørande og kva kjenneteiknar dei?»

Evaluering:

100% syntes dagen hadde funger særst godt eller godt, hadde svært godt utbytte av programmet og 85% syntes det var svært nyttig med ein fagdag for heile nettverket.

Fagdag i grunnleggjande palliasjon

Denne fagdagen har ikkje vore arrangert i 2023 og er planlagt neste gong hausten 2024

World Hospice and Palliative Care Day

Verdensdagen for lindrande behandling vart markert med stand på Stord sjukehus 14. November.

Velkomstbrev og nyheitsbrev

Alle nye ressurspersonar har fått tilsendt velkomstbrev med nyttig informasjon. Nyheitsbrev frå nettverket vert sendt ut til alle ressurspersonar og leiarar to gonger i løpet av året.

Nettsider

På KLB si heimeside har Helse Fonna ei eiga side med oppdatert informasjon m.a. om nettverksmøte, nyheitsbrev og andre aktivitetar i nettverket. Pallnet er register over ressurspersonar i Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling i Helseregion Vest. Namnelista og oversikt over alle ressurspersonar i nettverket er å finna der. I Pallnet kan ein enkelt søkja opp ressurspersonar i nettverket.

Utviklingsarbeid

Det er i 2023 informert på nettverksmøta om ny funksjonsbeskriving for ressursssjukepleiarane. Denne har blitt til gjennom eit tett samarbeid mellom alle som drifrar sjukepleienettverka i Helseregion Vest, og alle fire helseføretaka har nå likelydande funksjonsbeskriving for ressursssjukepleiarar.

Nettverket har i 2023 fått avslag på søknad om kompetansemiddel til Statsforvaltaren i Rogaland og Vestland. Det har difor ikkje vore mogeleg for ressurspersonar å søkja om kompetansemiddel i 2023.

Fysioterapi- og ergoterapinettverket

Driftsgruppa har hatt tre møte i 2023 og brukt tida på planlegging av fagdagen denne hausten. Fagdagen vart arrangert på Bjørgene Omsorgssenter. Temaet var "Palliasjon i hjemmet" og fleire førelesarar var inviterte. Det vart undervist i desse temaa:

- Energiøkonomisering, ved Åshild Skaatun Hergum
- Kartlegging i heimen, ved Karis Ann Markhus og Tanja Knutsen
- Hjelpemiddel og kommunikasjon i eigen bustad, ved rådgjevarar frå NAV
- Barn som pårørande, ved kreftssjukepleiar Målfrid Haraldseid Eide frå KOR

Vi hadde også tid til arbeid med case og innlegg frå brukarrepresentant. Totalt var det 17 deltakarar på fagdagen.

Driftsgruppa ventar spent på tilbakemelding frå deltakarane, slik at ein kan starta planlegging av neste fagdag. Tilbakemeldingar og evaluering vil bli brukt i planlegging av fagdagen 2024. Vi fortset med digitale fagdagar i samarbeid med fysioterapi- og ergoterapinettverka i Helse Stavanger og Helse Bergen. Den digitale fagdagen dette året vart arrangert 3. oktober og tema var: «Oppfølging av personar med MS - når kvardagen ikkje lengre fungerer».

Konklusjon

Mange ressurspersonar har fått auka sin kompetanse innan kreftomsorg og palliasjon i løpet av 2023, på nettverksmøte og fagdagar. Det var rekordstort frammøte på den årlege fagdagen i mars. På nettverksmøta har det stort sett vore godt frammøte.

Grete Skeie Sørhus, leiar for driftsgruppa, sjukepleienettverket

Karoline Berge, leiar for driftsgruppa, fysioterapi- og ergoterapinettverket